

06 FEB 2012



VOLDA KOMMUNE
Samordnings- og utviklingsstaben

Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep.
0030 OSLO

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2012/210	1226/2012	F30	SAM/ NK	02.02.2012

HØYRINGSUTTALE OM MOTTAKSTILSBODET FOR ASYLSØKJARAR

Vi melder med dette frå om at Volda kommunestyre i møte 02.02.12, sak 08/12, handsama høyringsuttale om NOU 2011:10 *I velferdsstatens venterom. Mottakstilbudet for asylsøkere*".

Hovudpoenga i fråsegna er som følgjer:

- ***Volda kommune krev at vertskommunen får større medråderett ved mottaksetablering, og meir og tidlegare informasjon.***
- ***Volda kommune meiner fleire kommunar bør vere driftsoperatør for statlege mottak og oppmodar staten om å etablere tiltak og rutinar for tidleg dialog med aktuelle kommunar før mottaksdrift vert lyst ut på anbod.***
- ***Volda kommune støttar utvalet si tilråding om:***
 - *At nye vertskommunar får eit tilskot på minimum kr. 100.000 for planlegging av tenestetilbod til bebuarar i mottak*
 - *Lengre oppseiingsfrist ved nedlegging av mottak*
 - *Betre økonomiske rammer til vertskommunen, til forvaltning av lovpålagde oppgåver overfor bebuarar i mottak*
 - *Etablering av basismottak med lengre avtaleperiode og eitt år oppseiingstid*
 - *Rett til barnehageplass frå tre års alder*
 - *Lovfesta rett til norskopplæring for asylsøkjarar*
 - *At bebuarar i mottak skal ha eit aktivitetstilbod og arbeidsretta kvalifiseringstiltak*
 - *Styrking av helsetilbodet i ankomstfasen*
 - *Vidaregåande utdanning til asylsøkjarar i 16-17 års alderen*
 - *At bebuarar med opphaldsløyve bør få tilbod om arbeidsmarknadstiltak*
- ***Volda kommune støttar ikkje utvalet si tilråding om:***
 - *At "kvalifiserande tiltak i mottak skal sjåast i samanheng med introduksjonsprogrammet i kommunane". Når ei vertskommune ikkje er driftsoperatør for mottak kan ikkje staten forvente at kommunen skal tilby kvalifiserande tiltak i introduksjonsprogrammet til bebuarar i mottak, utan at det vert heimla i introduksjonslova og tilført ressursar.*

Postadresse:
Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no
Telefon: 70058711
Telefaks: 70058701

www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro: 3991.07.81727

- *At inntil 20 asylsøklarar per mottak skal få bu hjå personar i same kommune mottaket ligg i, med mindre det vert inngått særskilt avtale mellom staten og kommunen om alternativ mottaksplassering og utgiftsdekking for desse.*
- *Volda kommune føreset at staten:*
 - *Tilfører tilstrekkeleg vertskommunetilskot, tilskot til barnehageplassar inkl. tospråkleg oppfølging og forsterka språktrening, grunnskule og norskopplæring til asylsøklarar, for å dekke alle kommunen sine utgifter til lovpålagde oppgåver.*
 - *Dekkjer auka utgifter som følgje av overføring av fleire lovpålagde helseretta oppgåver til vertskommunen*
 - *Gjennomfører ei kostnadsanalyse for å sikre utgiftsdekking til ressurskrevjande personar*
 - *Dekkjer utgifter kommunen har som følgje av mottaksetablering og mottaksnedlegging*

Viser forøvrig til saksutgreiinga under.

Samandrag av saka:

Bergeutvalet har i NOU 2011:10 *I velferdsstatens venterom. Mottakstilbudet for asylsøkere*" vurdert organisering og rammer for tilbodet til personar som søker om asyl i Noreg. Kommunenes Sentralforbund (KS) har fått utsett fristen for høyringsuttale om utredinga til 2. februar 2012, slik at også kommunane, som opphavleg ikkje var høyringsinstans, får høve til å uttale seg.

Volda har dei tre siste åra vore vertskommune for Volda statlege mottak som vert driven av ein privat driftsoperatør, og har erfaring frå mottaksetablering og tenesteproduksjon overfor bebuarar i mottak. Kommunale avdelingar har fått høve til å uttale seg og alle innkomne innspel er teke med i saksutgreiinga under.

Saksopplysningar:

Etablering av mottak

UDI har ansvar for å tilpasse mottakskapasiteten til tilstrøyminga av asylsøklarar. Stadige behov for rask opp- og nedbygging av kapasiteten skapar utfordringar for vertskommunen knytt til organisering av lovpålagde oppgåver, ressursforvaltning og kompetanse. Vertskommunen treng god tid til å planlegge handtering av auka arbeidsmengd som følgje av mottaksetablering og auka plassar, og å få gode rutinar og prosedyrar på plass. Utvalet foreslår at nye vertskommunar får tilskot på kr. 100.000 til planlegging av tilbodet til bebuarar i mottak, og at det vert oppretta plassar i basismottak med lengre avtaleperiode og eitt år oppseiingstid. Volda kommune støttar forslaget om meir kontinuitet, betre økonomiske rammer til planlegging og forvaltning av lovpålagde oppgåver overfor asylsøklarar, lengre avtaleperiodar og oppseiingsfrist.

Det er viktig å sikre ei mest mogleg rasjonell og effektiv forvaltning av offentlege ressursar og oppgåver. I 2010 vart 17 av 153 mottak drive av kommunar, 14 av frivillige (humanitære) organisasjonar og 122 av private driftsoperatørar med kommersielle interesser. Mange mottak driv godt, men det er også eksemplar på det motsette. Regelverket for offentlege innkjøp gjeld for mottaksetablering og UDI avgjer kven som vert driftsoperatør for mottak etter

anbudskonkurranse. Vertskommunen er ikkje part i saka, men har rett til å uttale seg. Volda kommune er oppteken av at vertskommunen får større medråderett ved mottaksetablering, samt meir og tidlegare informasjon. Ikkje alle kommunar har tradisjon eller nok kunnskap om å gi tilbod på ulike offentlege oppgåver som vert lyst ut på anbud. Dette saman med eit allereie høgt arbeidspress og vegring for å ta på seg nye oppgåver i det kommunale tenesteapparatet, kan vere årsak til at få kommunar i dag er driftsoperatørar for statlege mottak.

Volda kommune støttar forslaget frå utvalet om at fleire kommunar bør bli driftsoperatørar, og oppmodar staten om å etablere tiltak og rutinar for tidleg dialog med aktuelle kommunar før mottaksdrift vert lyst ut på anbud. Slik kan kommunane tidlegare kome på banen for informasjon og uttale, og staten og kommunane kjem i posisjon til betre å kunne samarbeide om mottaksdrifta i Noreg.

Fleire kommunar med lang erfaring og kompetanse på busetjing av flyktningar har god erfaring i å vere driftsoperatør for mottak. Staten bør kontakte busetjingskommunar og allereie etablerte vertskommunar for mottak for å drøfte/utgreie om fleire av desse kan vere aktuelle som driftsoperatør for mottak. Slik kan ein sikre meir rasjonell og effektiv forvaltning av offentlege ressursar og oppgåver, kontinuitet og effektiv samordning av ressursar til tenesteyting overfor flyktningar og asylsøkjjar, samt kompetanse og kvalitet i tenesteproduksjon.

Oppgåver for vertskommunen

I dag har vertskommunen lovpålagde oppgåver for bebuarar i mottak knytt til barnehageplass, grunnskule, norskopplæring, helse-, barnevern- og tolketenester. Utvalet kjem med forslag til endringar som vil påverke vertskommunen sitt ansvar.

Utvalet foreslår å utvide retten til barnehageplass frå tre års alder for barn i mottak. I dag har 4-5 åringar slik rett. Det er positivt og viktig for barn og foreldre at 2-3 åringar vert sikra barnehageplass. Mange bur trengt i mottak og har relativt liten omgangskrins. Eit barnehagetilbod gir språktrening og høve til sosial kontakt med barn på same alder. Slik kan også mødre nytte seg av tilbod om norskopplæring. Som vertskommune har vi erfaring med at mange mødre får ei forsinka språktrening og integrering fordi dei er heime med barn over lengre tid. Helsestasjonen i Volda har m.a. positive erfaringar med Mor-Barn gruppe for asylsøkjjarar og flyktningar. Dette er ei arena for kvalifisering og læring om ulike tema innan helse, kombinert med sosialt samvær. Volda kommune føreset at staten tilfører tilstrekkeleg med barnehagetilskot til utgiftsdekning for vertskommunen, også til tospråkleg oppfølging og forsterka språktrening.

Det er positivt at asylsøkjjarar får lovfesta rett til norskopplæring. Dette vil fremje psykiske helse og meistring, og evne til integrering i lokalsamfunnet i ventetida. Som busetjingskommune for flyktningar er vi oppteken av at busetjingsklare bebuarar i mottak byrjar norskopplæring etter introduksjonslova §§ 17 og 18 i påvente av busetjing i ei kommune. Dette er viktig for å sikre effektiv kvalifisering med overgang til arbeid/utdanning og eit sjølvstendig liv i Noreg.

Utvalet foreslår at bebuarar i mottak skal ha eit aktivitetstilbod, at kvalifiserande tiltak i mottak bør sjåast i samanheng med introduksjonsprogrammet i kommunane og at bebuarar bør få tilbod om arbeidsmarknadstiltak. Våre erfaringar er at meiningsfull aktivitet er vesentleg faktor for psykiske helse og meistringsevne, og at det verkar førebyggjande på søvnproblem og

nedstemtheit. Mange asylsøkjalar opplever det vanskeleg å finne meining i å ha aktivitetstilbod i mottaksregi som einaste program på dagtid. For bebuarar som har eit skuletilbod to dagar per veke, som i vår kommune, er det utfordrande å finne tilstrekkelege andre gjeremål som gjer at dei opplever meining og meistring. Difor er det positivt at gjeldande praksis for å gi midlertidig arbeidsløyve er foreslått endra, slik at fleire kan få moglegheit til å arbeide i ventetida. Arbeid vil også kunne gi god språktrening og sosialisering. Det er positivt at arbeidsretta kvalifiseringstiltak vert eit tilbod for mottaksbebuarar. Staten rår over ulike arbeidsmarknadstiltak i regi av NAV som i større grad kan leggjast til rette for bebuarar i mottak. I vår kommune er eit pleieassistentkurs for mottaksbebuarar med eit returperspektiv under oppstart i desse dagar. Når ei vertskommune ikkje er driftsoperatør for mottak kan ikkje staten forvente at kommunen skal tilby kvalifiserande tiltak i introduksjonsprogrammet til bebuarar i mottak, utan at det vert heimla i introduksjonslova og tilført ressursar.

Det at utvalet foreslår ei styrking av helsetilbodet i ankomstfasen for betre identifisering av sårbare personar, er ei kvalitetsforbetring i høve til i dag. Tidleg kartlegging av spesielle problem er viktig for raskt å kunne setje i verk tilpassa tiltak etter individuelle behov. Eit mindretal i utvalet foreslår at mottaksbebuarar som treng særskilde tilrettelagde tenester skal få rettar etter ny kommunal helse- og omsorgslov jf. §§ 3-2 første ledd pkt. 6 og 3-6. Det er viktig at bebuarar som treng særskild tilrettelegging får rett til eit godt helsetilbod og god oppfølging av kvalifisert helsepersonell i 1. og 2. lineteneste. Dersom det vert overført fleire lovpålagde helseretta oppgåver til vertskommunen føreset Volda kommune at staten dekker auka utgifter som følgje av dette. I så måte er det viktig at det vert gjennomført ei utgreiing for å sikre utgiftsdekking til ressurskrevjande personar, slik utvalet foreslår.

Som busetjingskommune i 24 år og vertskommune for mottak i tre år, har Volda lang erfaring med alternativ mottaksplassering av asylsøkjalar som er i nær familierelasjon til busette flyktingar i kommunen. Dette gjeld først og fremst ektefelle og barn. Det er positivt og viktig at familien kan sameinast tidleg etter ankomst Noreg. Slikt butilbod utanfor asylmottaket kjem i stand etter særskild avtale mellom staten og kommunen, og det vert utløyst tilskot til kommunen for asylsøkjaren. Kommunen tek på seg ansvar for butilbod, livsopphald og kvalifisering. Volda kommune vil ikkje støtte forslaget frå utvalet om at inntil 20 asylsøkjalar per mottak skal få bu hjå personar i same kommune mottaket ligg, med mindre det vert inngått særskilt avtale mellom staten og kommunen om alternativ mottaksplassering og utgiftsdekking for desse.

Volda kommune støttar forslaget om at asylsøkjalar i 16-17 års alderen skal få eit tilbod om vidaregåande utdanning. Som vertskommune har vi erfart at det har vore naudsynt å setje inn ekstra ressursar frå mottaket og helseavdelinga i kommunen, i tilfeller der asylsøkjalar i 16-17 års alder ikkje har hatt eit skuletilbod. Desse er i ein sårbar alder der både læring og samvær med ungdommar på eigen alder er svært viktig. Vi ser det som svært positivt at asylsøkjalar i alderen 16-17 år får rett til vidaregåande utdanning.

Vertskommunetilskotet

Vertskommunetilskotet skal dekke kommunen sine utgifter til helse, barnevern, tolk og administrasjon. Det er eigne tilskot til utgiftsdekking av barnehageplass, grunnskule og norskopplæring. Sjølv om dei statlege tilskota til vertskommunen har auka dei siste åra vert ikkje alle utgiftene til vertskommunen dekt opp. Det er eit viktig signal frå utvalet at nye vertskommunar skal få kr. 100.000 til planlegging og organisering av tenestetilbod overfor

asylsøkjarar. Vidare er det positivt at utvalet foreslår å forlenge vertskommunetilskotet frå 3 til 5 månader etter oppseiing av mottaksdrifta, då det er urimeleg at vertskommunen skal ha utgifter etter nedlegging av mottak. Det tek tid å avvikle tenesteproduksjon og arbeidsforhold.

Som vertskommune for mottak føreset Volda kommune at staten dekkjer alle utgifter kommunen har som følgje av mottaksetablering, tenesteproduksjon og ev. påføring av fleire lovpålagde oppgåver overfor bebuarar i mottak.

Vurdering og konklusjon:

Som vertskommune for mottak i tre år og busetjingskommune for flyktningar i 24 år, bør Volda kommune ha interesse av å uttale seg om mottakstilbodet for asylsøkjarar i Noreg.

Utvalet kjem med forslag til endringar som vil påverke vertskommunen sitt ansvar.

Ut i frå det som er skreve i saksutgreiinga vil eg tilrå at kommunestyret sluttar seg til saksutgreiinga om mottakstilbodet til asylsøkjarar.

Helse og miljøkonsekvensar:

Auka lovpålagde oppgåver vil påverke tenesteproduksjonen i vertskommunen.

Økonomiske konsekvensar:

Volda kommune mottok vertskommunetilskotet som skal dekke utgifter til helse, barnevern, tolk og administrasjon overfor asylsøkjarar. I tillegg mottok kommunen tilskot til utgiftsdekking av barnehageplass, grunnskule og norskopplæring. Sjølv om dei statlege tilskota til vertskommunen har auka dei siste åra, vert ikkje alle utgiftene dekt opp.

Dersom staten overfører fleire lovpålagde oppgåver til vertskommunen føreset Volda kommune at staten dekker auka utgifter som følgje av dette. Volda kommune ber staten gjennomføre ei kostnadsanalyse for å sikre utgiftsdekking til vertskommunen. Denne må også ta omsyn til oppgåver overfor ressurskrevjande personar, slik utvalet foreslår.

Volda kommune føreset at staten tilfører tilstrekkeleg vertskommunetilskot, tilskot til barnehageplassar, grunnskule og norskopplæring for asylsøkjarar, til å dekke alle kommunen sine utgifter til lovpålagde oppgåver. Vidare føreset vi at staten dekkjer utgifter kommunen har som følgje av mottaksetablering og mottaksnedlegging.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ikkje vurdert utover det som er nemnd i saksutgreiinga over.

Med helsing



Nina Kvalen

leiar seksjon innvandring